

Leikanger KYRKJELYDS BLAD

Nr. 2 - 2015 Årgang 69



KYRKJEFOLK



Oversikt over tilsette, kontaktadresser og telefonar:

ADMINISTRASJON LEIKANGER OG SOGNDAL

KYRKJEKONTOR

Besøks-/postadresse:

Kyrkjevegen 6, Stedjetunet, 6856 Sogndal

Tlf sentralbord: 57 67 99 85,

E-post: post@sogndal.kyrkja.no

KYRKJEVERJE:

Jorunn Merete Haukås-Eide

Telefon mobil: 404 76 682

E-post: kyrkjeverje@sogndal.kyrkja.no

jorunn.merete@sogndal.kyrkja.no

SOKNEPRESTEN I LEIKANGER OG NORUM:

Egon Askvik

E-post: easkv@online.no Tlf. 907 63 554

Treffetid etter avtale - måndag fri.

KYRKJETENAR/REINHOLDAR:

Cristina Sandor

E-post: cristinasandor82@yahoo.com

Tlf. 482 17 237

KANTOR:

Hallgeir Øgaard

E-post: hallgeir@sogndal.kyrkja.no

Tlf: 940 03 834 Heimeside: www.hallgeir.com

SOKNERÅDSLEIAR:

Anne Kristin England

E-post: akeng@online.no, Tlf: 950 46 062

KYRKJELYDSPEDAGOG

Monica Ugulsvik

monica@sogndal.kyrkja.no

Tlf 907 17 319

KOMMUNAL REPRESENTANT FOR LEIKANGER I

FELLESRADET:

Ole Simen Nesdal

LEIGE AV KYRKJELYDSHUSET:

Kirsti Svangstu

kirsti.svangstu@enivest.net Tlf: 915 82 293

www.facebook.com/leikangerkyrkja

www.kyrkja.no Kyrkja sentralt sin nettstad

www.kyrkja.no/bjorgvin Bjørgvin

bispedømme sine heimesider

www.leikanger.kommune.no/kyrkja

Informasjon om Leik. kyrkje, tilsette og

gudstenesteliste

www.sogndal.kyrkja.no Informasjon om

kyrkja i Leikanger og Sogndal

LEIKANGER KYRKJELYDSBLAD

organ for Leikanger sokneråd

Redaktør: Egon Askvik

Redaksjonsnemnd:

Signe Eikenes og Kirsti Svangstu

Kasserar for bladet: Reidar Tjønn

Layout: Elianne Eggum

Trykk: Husabø prenteverk

Neste nummer kjem i desember.

Dei er menneske som oss



Dei overfylte båtane hadde like mykje folk under dekk som over. Desse sat fanga som i eit bur. (foto: Ingar Husabø)

Eg sit med mange inntrykk etter å ha skrive boka KYRKJEFOLK og snakka med så mange ulike menneske, med ulike erfaringar og tankar.

Eg hugsar særleg godt intervjuet med Ingar Husabø. Han hadde nyss mønstra

på "Bourbon Orca" som skulle flytta oljeplattformer utafor Libya.

Ingar fortalde korleis dei natta til 24. august vart kontakta av den italienske redningssentralen og bedne om å gå til ein posisjon der eit båt med 500 flyktningar, dei fleste frå Syria, hadde forlist. "Det flaut lik over alt", sa Ingar. Dei overfylte båtane hadde like mykje folk under dekk som over og desse sat fanga som i eit bur. Møtet med flyktningane gjekk sterkt innpå mannskapet. Mange av flyktningane hadde seld alt dei eigde. Då han spurde kvifor dei utsette seg for livsfare på denne måten, svara dei at uansett kva som hende var det betre enn det dei kom frå.

Ingar og resten av mannskapet plukka opp over 2000 flyktningar og fekk stor anerkjenning for dette, mellom anna av høgkommissæren for flyktningar. Mange skip har gjort det same. Dette var i 2014. I år veit me at talet på flyktningar og talet på omkomne har auka drastisk.

På 90-talet var det ei akutt flyktningekrise knytt til krigen på Balkan. Då opna styresmakter og lokalsamfunn sine dører og hjelpte mange. Denne gongen er krisa større og har mykje større omfang.

Kven er min neste? Slik spurde ein mann Jesus. Underforstått: Eg må vel ikkje hjelpa alle? Jesus svarar med forteljinga om den miskunnsame samaritanen. Og stiller eit motspørsmål: Kven oppførte seg som ein neste? Oppfører me oss som ein neste mot desse som har falle i hendene på røvarar?

"Kyrkja skulle også engasjere seg for flyktningesituasjonen i verda", seier Ingar. Det gjer kyrkja på ulike måtar. Kva med oss som kyrkje lokalt? Korleis engasjerer me oss?




Egon Askvik

- Me må tåla at me er ulike

John Melås (59) er ein av dei som vert intervjuet i boka "Kyrkjefolk". Her fylgjer hans tankar.



Foto og tekst: Egon Askvik

Skulle eg ynskja noko for kyrkja måtte det vera at ho må tåla mangfaldet og visa omsorg og toleranse for alle menneske. Me må tåla at me er ulike og me må tåla at me er usamde om mangt og mykje.

Og kyrkja har tyngde nok i seg å tola dette. For ikkje å snakka om Vårherre, som eg trur hevar seg høgt over våre smålege stridar.

Styggemannen?

Eg var på besøk hjå mor mi på sjukeheimen og fortalde at eg fekk besøk av presten som ville høyra om mitt forhold til kyrkja. "Fortel om fyrste gongen du hugsar du var i kyrkja", sa ho. Det var i syster mi sin konfirmasjon og eg var berre fire år. Presten Daae kom inn i svart samarie og ifylgje mor mi sa eg med klår røyst: "Mamma, er det dette som er styggemannen?"

Kvithuda, middelaldrande menn

Eg tykkjer kyrkja i for stor grad er representert av kvithuda, middelaldrande menn. Kvar er kvinnene? Kvar er ungdommane? Kvar er andre nasjonalitetar?

I 1992 skulle me døypa Sandra, dotter vår. Då skreiv Birgit brev til den nyvigsla biskopen Rose Marie Køhn i Hamar og spurde om ho kunne koma og forretta dåpen. Det var noko med henne. Eg trur det var augo og heile framtoningen. Ho var på ferie og utanlands så ho kunne ikkje koma, men me fekk eit veldig hyggeleg kort frå henne som me har framleis. Biskopen i Hamar gav oss eit nytt bilete av kyrkja, og det var sårt tiltrengt.

Førehandstilgjeving

Eg er oppvaksen med Fadervår som kveldsbøn. Og så måtte me be om tilgjeving for det galne me hadde gjort. Eg hugsar eg lurte på kor lenge denne tilgjevinga var gyldig og fann sjølv ut at ho i alle fall måtte vara til middag neste dag. Slik at eg i alle fall slapp sanna dei syndene som vart gjort før middag; dei var so å seia "førehandstilgjevne".

Eit nummer av Leikanger kyrkjelydsblad

Ein periode i 11-12-årsalderen var eg frykteleg mørkeredd. Eg syntest kvelden ofte kom fort på når me var ute og leika. På veg heim gjekk eg då innom onklane mine og ein av dei fylgde meg heim. Eg hugsar ein kveld. Dei hadde nok pønska ut ein plan. Då eg skulle gå, meinte dei at no måtte eg gå åleine. Eg kjende det sakk i meg og angsten beit seg fast. Då kom ein av dei bort med eit nummer av Leikanger kyrkjelydsblad. "Viss du tek bladet og rullar det saman og held det i handa når du går gjennom skogen, er det akkurat som om du held Vårherre sjølv i handa". Det hjelpte og eg kom meg trygt heim. I ettertid har eg tenkt at dei kanskje lo litt av meg, reddharen. For då eg kom bort til døra, sa onkelen min "det er ei lita hake ved det....det er ikkje siste nummeret"

Alle vert lagt i den same jorda

I dag fylgjer me tradisjonen med å gå til dåpen, stilla som

fadrar, delta i konfirmasjonar, bryllaup og gravferder. Og gå til kyrkje ved høgtider.

Når det gjeld presten sine preiker, får eg ofte noko å tenkja på. Det er nok med ei linje, ein setning som treff. Viss eg får det, er eg godt nøgd. Det er likar best med kyrkja vår er at alle får dei same rituala og alle vert lagt i den same jorda. Det er samlande. Kyrkjebygningen kan verka stor, mektig og skremmande, men samstundes vernande, ein stad ein kan søkja tilflukt.

Skal det aldri ta slutt?


Mitt fyrste fjernsynsminne frå tidleg 60-tal er hopprenn, og så krigen i Midtausten. Diverre krigar dei framleis. Skal det aldri ta slutt? Dette engasjerer meg og kan gjera meg fortvila og oppgitt.

Hiva mobilen i Sognefjorden

Birgit, Sandra og eg har fleire gonger reist til Spania på pilegrimsvandring. Det har me hatt stor glede av. Å vera på messe i den fantastiske katedralen i Santiago de Compostela var stort, men å koma heim att og få vera med på gudsteneste i vår eiga kyrkje var like fint, om enn på ein annan måte. Eg oppmodar alle til å ta denne reisa. Hiva mobilen i Sognefjorden, gå til fots, gje seg sjølv tid til å samla tankane og tenkja lange tankar. Det er som ei reinsing. Du vert trøyt i kroppen, men får ro i sjela.



John vart døypt i Leikanger kyrkje 20. januar 1957. Han vaks opp i Leikanger saman med fem sysken. Han er gift med Birgit. Dei har ei dotter, Sandra. Han har ein allsidig yrkesbakgrunn som industriarbeidar, drosjesjåfør, sjåførlærer og bonde. Han har jobba med ulike oppgåver innafor velferdstenester i det offentlege hjelpeapparat. Arbeidar no innafor Kriminalomsorga, og er deltidsstudent



Biskop Halvor Nordhaug deltek på boklansering 1.oktober.

Boka KYRKJEFOLK er skreven av soknepresten i Leikanger, Egon Askvik. Han har også teke bilda. Han avstår frå honorar og alle inntekter går til kyrkjelydsarbeidet i Leikanger.

Boka vert lansert torsdag 1. oktober kl. 18 med stort arrangement i kultursalen i Saften. Her møter du dei fleste av kyrkjefolka, det vert glimt frå boka og me lovar god underhaldning og fine innslag. Biskop Halvor Nordhaug deltek også på lanseringa.

Det vert servering av ekte eplesaft og sjølvsaft sal av boka, kr. 349,- Dette er også opningsarrangementet i Fruktbare dagar i Leikanger. Laurdag 3. oktober vert boka å få kjøpt på stand på torget kl. 10-14. Her får du også kjøpt historieboka om Leikanger kyrkje.

Fruktbare dagar vert avslutta med Salmar&kafé i Leikanger kyrkje, søndag 4. oktober kl. 19 (me syng frå kl. 1830). Her vert det kjende og kjære salmar og songar frå boka. Etterpå er det kafé i kyrkjelydshuset der det også vert høve til å kjøpa bok.

Opplaget er på 1500. Viss du vil sikra deg boka, går du på heimesida www.sogndal.kyrkja.no og fyller ut skjema for bestilling. Viss du betalar på førehand kan du henta den/dei på boklansering eller du får den fritt levert på døra. KYRKJEFOLK har kontonr: 3705 29 49298. Skriv namn i meldingsfeltet.

Her fylgjer nokre smakebitar frå boka ---->



Tomine Hermansen Ytrøy

Døpt 30. mai 2010 i Leikanger kyrkje



Pappa har lest i fireårsboka, Mi kyrkjebok, for meg. I boka er det mange forteljingar om Jesus og bilde av Jesus ute i storm. Han las òg om Sakkeus som klatra i tre og Jesus som bad han koma ned for

han ville heim på besøk til han. Eg pleier klatra i eit høgt tre i barnehagen. Eg kjem meg ned.

Mamma har lest om då Jesus vart fødd. Det var om vinteren, på julaften. Mora heitte Maria og faren Josef. Han var snikkar og snekra hus, men sidan det var så fullt i Betlehem, måtte Maria føda i ein stall.

Janne Olsmo Oen

Døpt 30. mars 2008 i Leikanger kyrkje

Jesus har ein raud prikk inne i handa. Det var frå såret han fekk då han hang på krossen. Han var død og dei tok han inn i grotta og tok steinen framfor. Engelen dytta steinen vekk. Eg veit ikkje korleis han klarte det.



Eg hugsar også blomstergudstenestene me hadde då eg gjekk i barnehagen. Me plukka med oss blomstrar på veg til kyrkja. Eg plukka ein prestekrage. Me prøvde å læra oss namnet på alle blomstrane, men me hugsa ikkje alle. Det var ein blomst med blad som sto rett opp – den sto me heilt stille på! Me visste ikkje namnet.

Bjørn Orrestad

Døpt 3. juni 1978 i Leikanger kyrkje

Er det lov å seia at eg trur berre litt, fordi eg synes det er godt å ha ei tru? For min del må eg halda dette litt ope. Eg vil ikkje skyva det heilt vekk, men eg kan ikkje seia eg er ein sånn forferdeleg truar. Det finst meir enn det du kan sjå. Akkurat det trur eg på. Eg kan mitt Fadervår.



Men eg har ikkje hatt spesielle åndelege opplevingar. Eg har tvert imot litt problem med dei som er så veldig truande, dei vert for fanatiske for meg. Men eg kunne godt tenkt meg å lesa Bibelen. Ein kan undra seg når ein ser korleis alt i naturen heng nøye saman. Men kva det er? Er det ein Gud eller er det naturen sine eigne lover? Og finst det noko etter døden?

Jan Tore Svedal Elvheim

Døpt 30. november 1986 i Bøler kyrkje



Som skild og eineforsørgjar for to born er eg avhengig av mykje hjelp og støtte. Eg set stor pris på alle som stiller opp.

Kvardagen kan vera ganske krevjande. Lars Martin har ein sjeldan kromosomfeil som gjer at han,

sjølv om han byrja på skulen i haust, er på toårsstadiet i utvikling, både mentalt og fysisk. Likevel har han gjort store framsteg etter at me kom til Leikanger for to år sidan. No er han mykje meir aktiv. Og han elsker musikk! Han har lært seg å gå, om enn noko ustøtt. Og i klassen har han fått eit tilrettelagt opplegg som og er veldig bra.

Snit Ogbai Mehari

Døyppt 30. mars 2003 i Kudus Mikiel, Asmara, Eritrea

Dina Fossheim

Døyppt 12. april 2004 i Gimmestad kyrkje



Dina: Sundags morgonen åt me frukost i Kyrkjelydshuset. Så øvde me til gudsteneste. Øvde på å bera folk. Me hørde om at Jesus var så populær at det ikkje gjekk an å koma inn i huset der han var. Då var det fire kameratar som bar ein lam mann på ei båre.

Men då det var så fullt framfor døra at dei ikkje kom seg inn, braut dei opp taket og firte ned båra, hehe. Då Jesus såg trua deira, sa han til den lamme: Stå opp, ta båra di og gå! Eg hugsar me bar Camilla. Når me er fleire, kan me bera andre.

Dina: Me var i lag i to dagar i kyrkja – alle 11-åringane var inviterte. Det heiter Lys Vaken.

Snit: Og det er veldig kjekt.

Øystein Lunde

Døyppt 14. januar 1968 i Leikanger kyrkje



Bryllaupet vårt 7. juni 2014 vart ei stor oppleving. Det var rett og slett vår beste dag. Alt og alle drog i same retning. Frå presten i kyrkja sa "You may kiss the bride" og applausen braut laus. Dotter mi, Hilde, spurde om me ikkje kunne ha ein slik fest kvart år.

Alle gjestane var med på å gjera dette til ein stor dag. Du kan seia me fekk stadfesta at me har dei rette vennene. Og god mat og god stemning. Flinke visevertar styrte dei mange talane. Det var korte og fine talar. Christin si mor heldt ein veldig morosam tale.

Etter bryllaupet reiste me 17 dagar med motorsykkel på tvers av USA, 460 mil på Route 66.

Gunnhild Sofie Vangsnes

Døyppt 29. desember 1996 i Leikanger kyrkje

Jula er mi høgtid. Eg likar rituala som fylgjer med. For meg er julefeiringa nært knytt til kyrkja, og i desember held me i vår familie godt på trua. Då kosar me oss skikkeleg. Eg er nok overnaturlig glad i jula...



Det var so kjekt då me byrja ha Luciafrukost i kyrkja. Den fine stemninga, med heilt mørk kyrkje og det store Luciakoret som kjem syngjande inn med lys. Luciabollane og kakaoen – før skule og jobb. Skikkeleg magisk!

Svein Kai Fedje

Døyppt 14. september 1947 i Gåsvær kapell

Eg trur at ved å stengja homofile ute, er det mange andre som også kjenner på at det kanskje heller ikkje er rom for dei. At kyrkja ikkje er for kven som helst.



Eg kan ikkje skryta på meg ei sterk tru. Men me har vore gjennom mange vanskelege situasjonar. Og på dei mørkaste dagane, då har også eg bøygde knea og bedt til min Gud.



**Kjøp julegåva til slekta og utflytte
systrendingar allereie no!
Boka KYRKJEFOLK vil dei garantert lesa med
interesse.**



Magne Strand

Døypd 10. oktober 1937 i Dale kyrkje

Eg ser at kyrkja er ein samlingsplass og eit fellesskap for dei fleste av oss i gode og vonde tider. Her finn me ro og eit slags samhald. Men eg tek meg sjølv i å vera observatør når eg er til kyrkje.

Eg er skeptisk til alle –ismar og stiller meg helst på utsida. Eg vil tenkja sjølv og synes lite om massesuggesjon og andemaning.

Mitt forhold til kyrkja og kristendommen i dag vil eg karakterisera som avmålt positiv. Kyrkja har ikkje noka god historie. Ho har vore maktsøkjande, både politisk og økonomisk. Ho har altfor ofte vore ei bremse for utvikling, til dømes når det gjeld likestilling mellom kjønna. Eg trur kyrkja er mektigare enn ho sjølv er klar over. Ho er med og opnar eller stengjer.

.....

Eg godtek ikkje at Bibelen er heilag og utan feil. Skriftene vart ein gong skrivne av feilande menneske og vert i dag tolka av feilande menneske. Bibelen er lett tilgjengeleg for maktmenneske som vil bruka han til å styra andre. Berre tenk på korleis Bibelen har vore brukt for å halda kvinnene på plass. Menn har brukt alle maktmidlar – også Bibelen.



Amira Girmaj

Fødd 5.mai 1984 og døypd 80 dagar etter eritreisk-ortodoks skikk.

Eg var tjue då eg vart henta inn til den store militærbasen i Sawa. Både gutar og jenter har plikttjeneste; mange er her i fleire år. Det er også som ein måte å kontrollere ungdommen og folket på.

I 2010 opplevde eg militærfengselet. Det er ei tid som er vondt å tenkja attende på. Eg var mykje sjuk. Det var uuthaldeleg! Me låg på laken rett på steingolvet og fekk servert eitt måltid for dagen. Eg kasta mykje opp.

Syster mi hadde døydd i 2009, så eg kjende meg veldig åleine i verda. I 2010 bestemte eg og ein kamerat oss for å flykta frå det heile. Det vart ein strabasiøs tur til fots i ulent terreng og i nattemørke. Eg var dessutan sjuk. Me kom til Sudan etter to dagar. Me kjende oss på ingen måte trygge i den kjempestore FN-leiren,. Særleg jentene kunne bli utsette for overgrep. Me kom oss difor fort vidare til Khartoum.

Eg ynskte å reisa til Noreg fordi det var eitt fritt land og eg visste at dei respekterte menneskerettane. Her er det fred, fridom, religionsfridom og demokrati. Dette betyr mykje for meg.

Dei eritreisk-ortodokse brukar å samla seg til eigne gudstenester kvar sundag ettermiddag på Stedjetunet i Sogndal. Kvinnene dekkjer hovuda sine med kvite sjal. Ein del av mennene ber også eit kvitt sjal over skuldrene. Alle tek av seg uteskoa.

– At vanlege folk kjem med sine kvardagstankar



Anna Helen Hamre (31) er ein av dei mange som fekk brev frå presten med spørsmål om å ta del i bokprosjektet "Kyrkjefolk".

– Fyrst vart eg litt sjokkert. Spørsmålet kom uventa på meg, og eg var nok litt nølande til å svara ja.

– *Kvifor?*

– Eg tenkte på om eg ville eksponera meg på denne måten. Og om eg hadde noko å fortelja, om det var interessant nok.

– *Korleis vart det?*

– Det var lettare enn forventa. Det var eigentleg fint å få prata om dette temaet, sjølv om eg etterpå var litt nervøs for kva eg hadde sagt. Det er klart at ein kjenner seg litt ukomfortabel når ein skal stå fram offentleg med personlege ting ein elles berre har sagt til nokre fåe. Samstundes er det fint at me kan tøya grensene og gå ut av den sokalla komfortsona.

– *Kva er det beste med ei slik bok?*

– Det beste er at vanlege folk kjem med sine kvardagstankar om kyrkja, om Gud, om dei store tinga. Og at dei som les boka kan kjenna seg sjølv att i nokre av kyrkjefolka. Kanskje dei kan finna ord for si eiga tru? Eg trur boka kanskje kan skapa eit fellesskap i bygda, ved at så mange slik står fram og opnar opp.

Ein vert definert innafor, som kyrkjefolk: Eg er faktisk medlem i eit kyrkjesamfunn – og det betyr noko! Mange av oss har ikkje tenkt så nøye over det. Eg trur kanskje terskelen for å gå i kyrkja kan verta lågare for mange.



FLEIRE KYRKJEFOLK: Anna er sambuar med Olav (som også er i boka). Jonas kom til verda 10. juli 2015 og har to halvbrøyr; Nikolay og Aleksander.



HJARTEVARM: Systrendingane har vorte glad i den engelske kyrkjetenaren Sandra og engelske organisten Diccon. Det viste dei ved å møta talrikt fram til avskilsgudsteneste i Leikanger kyrkje sundag kveld. Det var nesten julaftanfullt denne kvelden då song og musikk stod i høgsetet.

Full kyrkje tona ut Sandra og Diccon

Kyrkjelyden tok tidleg i juni ein syngjande avskil med organisten og kyrkjetenaren.

– Utruleg kjekt. Det kjennast som me er ein familie, seier Sandra Pearce. Systrendingar fylte kyrkja sundag kveld. Slik takka bygdefolket organisten og kyrkjetenaren som etter 22 år i bygda, reiser heim att til øyriket i vest. Alle er på fornamn med Sandra og Diccon.

På bøljelengd

– Det er med eit visst vemod me seier adjø til Sandra og Diccon. Det er i ånda deira at me er saman og syng, sa sokneprest Egon Askvik då han helsa velkomen til Salmar&kaffi i kyrkje. Ein kveld med mykje song og musikk. Kyrkjelyden song, i tillegg til Damed'n, Systrond damekor, Leikanger mannskor og Arild Fossøy med fleire. Songen var allsidig, frå tradisjonell norsk salmesong til negro spirituell, og nede i kyrkjebenkene fekk den livlege songen mange til å svinga med beina i takt med musikken.

Dirigentynsket

Diccon Pearce har dirigert både blandakoret og damekoret. Sundag kvelden dirigerte han damekoret for siste gong. Dirigenten hadde eit ynske at denne kvelden var det eit brot i tradisjonen; presten skulle ikkje lysa velsigninga.

Damekoret skulle syngja Herrens velsigning. På engelsk. Og det ynsket vart sjølvstodt oppfylt.

Mange takkar

Mange ville takka dei to for framifrå innsats opp gjennom åra. Først ute var Kjell Sæter, soknepresten som tilsette Diccon Pearce som organist i Leikanger kyrkje for 22 år sidan.

– Å kjøpa ein og få to. Det opplevde me då Diccon vart tilsett. Det er noko av det klokaste me har gjort i Leikanger. Me har fått mykje av dokke to; klarinettonar, klaver-, piano- og orgeltonar. Takk for musikalitet. Eg vil takka Diccon for at du har vore så flink til å akkompagnera andre. Takk for at de har gjeve oss så mykje kreativitet og inspirasjon frå England. Takk for humor. De har knust litt av biletet vårt om arrogante engelskmenn. Takk for at de har vore her i så mange år. Me unner så vel at de skal heim att til eigen familie, eigen kultur, eige språk og eige regn. Men de vert ikkje kvitt oss så lett. Me sjåast. Men mest av alt takk.

Fann tonen

Og så kom dei på rekkje og rad:

– Me har funne tonen, som Oddrun Ugulsvik Myklebust sa det då i takketalen sin.

– Av alle musikalske opplevingar i koret oppsetjinga av Händels Messias er det største eg har vore med på. Tenk å få det til i Leikanger kyrkje, og med profesjonelle

krefter, sa Signe Eikenes.

Frå dei alle yngste i alderen null til eitt år takka Anita Instefjord.

– Me har hatt eit fantastisk tilbod med babysongen. Sandra har leia, og har vist ein omtanke for oss alle. Du vil verta sårt sakna. Eg vil seia takk med «Thank you for the Music».

Unik

– Du har glimt i auga, spelar tradisjonelle gamle salmar, samstundes som du har vore med på å utvikla av gudstenesta. Me takkar deg for tonane du har gjeve oss, sa Anne Kristin Aarskog England, leiar Leikanger sokneråd. Sandra har vore kyrkjjetenar, men har spelt på mange strenger.

– De har gjeve oss musikkglede i og utanfor kyrkja. Kvar for seg har de hatt ei viktig rolle og gjeve oss mykje. Me ynskjer lukke til i neste kapittel, og velkomne att.

– Det har vore ein fryd å ha med dykk å gjera. Takk for at me har vorte kjende med dykk, sa Jorunn Merete Haukås-Eide i fellesrådet.

Pearce-paret gløymer ikkje Leikanger og Sogn med det første. Gåva frå sokneråd og fellesråd var eit stort fotografi. Motivet ser ein frå prestegarden og inn fjorden, ein fargerik himmel i ei kveldsstund.

Dei siste tonane tona ut i kyrkje.

Så var det tid for det materielle. Blautkake, kaffi, te og saft i gymsalen på ungdomsskulen.

Tekst/foto: Sigrid Svartefoss (Sogn Avis)

sigrid.svartefoss@sognavis.no



SNART SLUTT: Kyrkjjetenar Sandra har snart for siste gong teke inn kollekt i Leikanger kyrkje.



TAKKA AV: Diccon har vore ein god dirigent for Blandakoret/Damekoret, og har fått koret til å yte mykje meir enn dei våga tru.



FLØYTESONG: Diccon Pearce på fløyte saman med Tom Sølve Myklebust, Egon Askvik, Kjell Olav Høstaker Norheim og Ottar Husum.

Leikanger musikklag og Systrond damekor skipa til eigen avskilskonsert siste laurdagen i april (foto: Egon Askvik)



Kandidatar til Leikanger sokneråd 2015–2019



1. Bjørg Anda (52) Jurist

Synest det er veldig positivt at mange no vert involvert i gudstenesta. Dette er viktig å byggja vidare på. Eg er imponert over måten konfirmanter deltek på, dei får eit nærare forhold til det kyrkja står for gjennom eit slikt opplegg. Det er fint at det kan vera ulike typar gudstenester som kan dekkja litt ulike behov. Kveldsgudstenesta Salmar og kaffi var ei fin oppleving, som eg trur mange sette pris på.



2. Sindre Børsheim Ramung (33) Rådgivear

Eg vil prioritera arbeidet med musikk og kultur i kyrkja. Kyrkja skal vera ein samlingsplass i bygda.



3. Anne-Karin F. Instefjord (59) Kontorleiar

Eg er særleg oppteken av songen og musikken i kyrkja



4. Bjørn Søltnæs (20) Student

Kyrkja skal vera ein berebjelke i lokalsamfunnet, ein stad der alle er velkomne, og der Guds Ord vert forkynt reint og klårt. Eg er engasjert i arbeidet med kveldsgudstenestene Salmar og Kaffi, og er oppteken av å finna nye måtar å få folk til kyrkje. Samstundes er eg imot å gjera endringar som framandgjer dei faste kyrkjegjengarane. Eg vil ha inn att det gamle Fadervår og er imot å ta ned presteportretti frå veggen.



5. Åse Kongsvik (53) Psykiatrisk sjukepleiar

Opplever kyrkja som ein god stad å vera. Likar utviklinga med at det vert tilrettelagt for gudstenester også på andre tidspunkt enn søndags formiddag og at mange flotte musikkarrangement vert lagt til kyrkja. At ein kan ha eit vidt spenn frå jazz til opera er med å gjera kyrkja opnare og meir tilgjengeleg, fleire vil kjenna seg heime her og det er eit viktig mål å jobba mot. Vil bidra til at den utviklinga får fortsetja.



6. Anna H. Hamre (30) Sosionom

Eg vil at kyrkja skal vera ein samlingsstad for alle aldersgrupper. Kyrkja skal fortsette å vere ein del av kulturtilbodet i kommunen og ha ulike innslag for små og store. Ha fokus på arbeid med born/unge og trusopplæringa. Det diakonale arbeidet i kyrkja er viktig.



7. Kolbjørn Nord (66) Ingeniør



8. Tom Sølve Myklebust (41) IKT – driftskoordinator

Oppteken av kyrkja som kulturell møteplass med lågterskeltilbod for alle.



9. Jorunn Fosse Fidjestøl (43) Jurist

Ynskjer at kyrkja i Leikanger skal vera ein stad der bygdefolket kjenner seg heime, og som er ein del av folk sine liv. Ynskjer at kyrkja skal vere med på å skape eit godt lokalsamfunn.



10. Margit Flæte (71) Pensjonert vernepleiar

Ynskjer satsing på tradisjonelt kyrkjearbeid, barne- og ungdomsarbeid, integrering av våre nye landsmenn, og miljø: Ta vare på skaparverket.



11. Tove Stensås (54) Lærar

Vil arbeide spesielt for ein låg terskel for å gå i kyrkja og delta i kyrkjelydsarbeid. Halde fram med Salmar og kaffi! Arrangere felles måltid i høve dei store høgtidene. Tenkjer spesielt på dei som ikkje har sine næraste kring seg.



12. Svein Helge Frækaland (66)
Pensjonert geolog

Er særleg oppteken av at me må ta godt i mot innvandrarar og innflyttarar, ungdomsarbeid og eldreomsorg



13. Tone Britt Myklebust (30)
Rådgjevar

Vil jobba for at kyrkja skal vera ein plass for alle. Og for mykje fin musikk i kyrkja.



14. Torbjørn Aase (59) Ingeniør

Info om soknerådsvalet

Tid: Soknerådsvalet er same dag som kommune- og fylkestingsvalet, måndag 14. september 2015.

Stad: Vallokale Leikanger folkebibliotek i Leikangerhallen, Saften kl. 10–20.

Førehand: Du kan førehandsrøysta på Sogndal kyrkjekontor eller på Leikanger kommune – tinghuset frå 10.8.15

SKULESTARTMARKERING



Kvelden før skulestart var tjue spente fyrsteklassingar samla i kyrkja, saman med familien sin. Det var fint å kunna tenna eit lys og be for skuletida.

Engasjert i politikk og kyrkjeliv



Bjørn Søltnæs (20) er ein aktiv ung mann, i tillegg til å vera leiar i Leikanger bondelag og Leikanger mållag, stiller han til val både i kommunestyre, fylkesting (for Senterpartiet) og til Leikanger sokneråd og Bjørgvin bispedømmeråd.

– *Det høyrer mykje ut?*

– Det gjer det kanskje, men det er slikt eg likar å halda på med. Både politikken og kyrkjelivet engasjerer meg.

– *Du har byrja på lærarutdanning ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Korleis er det å kombinera studiane med so mange verv?*

– No kjem eg vel ikkje inn i alle, men eg trur det går heilt fint. Politisk og kyrkjeleg engasjement er av det gode – også for studentar.

– *Kva vil du arbeida for viss du kjem inn i bispedømmerådet?*

– Det er ei spanande tid for kyrkja etter grunnlovsendinga, der kyrkjas vart skild frå staten. Det er mange ordningar som skal på plass ved den sokalla "virksomhetsoverdraginga". Her må me finna gode løysingar. Eg er skeptisk til at det berre skal vera ei arbeidsgjevarline og meiner at ein bør halda på to, slik som det er i dag. At prestane framleis skal vera tilsette av bispedømmet og har prostens næraste overordna, medan dei andre er tilsette av fellesrådet. Eg er redd for at det skal enda i eit kompromiss der me får ei sentralisering i prostiet som tilset alle. Slik vil me missa både lokal forankring og linja til biskopen og bispedømmet.

– *Du ynskjer ikkje at likekjønna skal verta vigde i kyrkja?*

– Slik eg les Bibelen er det ikkje opning for å endra på at ekteskapet er mellom kvinne og mann. Det som er opna for no, er at ein prest kan be for eit likekjønna par som har inngått borgarleg ekteskap, viss dette ikkje har vigdelsliknande karakter. Det tykkjer eg er ei grei ordning. Det er viktig at me i større grad inkluderer og respekterer homofile som fullverdige menneske, sjølv om me let ekteskapsforståinga vera uendra.

KYRKJEVALET I LEIKANGER SOKN

Vallokale: Leikanger folkebibliotek (2. et i Saften) Måndag 14. september kl. 10-20

Der er vallister for soknerådsval og bispedømmerådsval. Det er dei same valreglane (sjå side 18)

Du kan førehandsrøysta fram til 11. september - i opningstida i Leikanger kommune eller på Kyrkjekontoret i Sogndal.

Ta med valkort. Kontakt kyrkjekontoret om du er medlem og ikkje har fått valkort, eller er utmeld og har fått valkort. På dei neste sidene får du litt informasjon om kandidatane. Meir finn du under www.kyrkjevalet.no



Valpresentasjon
frå valrådet i
Bjørgvin bispedøme

Kyrkjevalet 2015

Kven vil du skal styre i kyrkja?

Du er med på å bestemma kven som skal sitja i bispedømerådet og på Kyrkjemøtet, kyrkja sitt «storting» i perioden 2015 - 2019.

Bli kjent med kandidatane:

- Kven er dei? • Kva erfaring har dei?
- Kvifor stiller dei til val? • Kva meiner dei?

**Kort presentasjon på dei neste sidene -
fylldig presentasjon på kyrkja.no/bjorgvin**

Dei nominerte til Bjørgvin

Det er ein nominasjonskomitee som har sett opp lista. Nominasjonskomiteen er valt av representantar frå sokneråda, med ein medlem frå kvart prosti. Lista er utarbeidd på bakgrunn av forslag frå sokneråd, ungdomsrådet i bispedømet og forslag frå medlemmene i nominasjonskomiteen. Komiteen har lagt vekt på at begge kjønn skal vere representerte med minst 40 prosent og at lista skal innehalde minst 20 prosent kandidatar under 30 år. Det er vidare lagt vekt på å at ein skal representere ei breidde i kandidatane sine syn på aktuelle kyrkjelege spørsmål.



1. Inger Helene Thingvold Nordeide

54 år. Sjølvstendig næringsdrivande. Førde, Sunnfjord prosti.

Erfaring: Medlem og leiar Bjørgvin bispedømeråd, søndagsskulelærer, gudstenesteutval, kyrkjeblad, helse- og sosialutval i kommunen, styre folkehøgskule.

Eg stiller til val fordi eg ønskjer å være med å påverke i dei vala kyrkja skal gjere etter skillet frå staten.



2. Nora Sætre Baartvedt

21 år. Student, Fyllingsdalen videregående skole. Voss, Hardanger og Voss prosti.

Erfaring: Leiar av Ungdomsrådet i Bjørgvin, medl. klokkelaget i Voss, delegat Ungdommens kirkemøte 13 og UKM-delegat til Kyrkjemøtet 14.

Eg stiller til val fordi det er viktig for meg at kyrkja, i denne tida med endring, er til stades i samfunnet og bidreg med positive verdiar. Samstundes er det viktig at me framleis opprettheld dei tradisjonar og retningslinjer som me sjølve kjenner oss att i. Eg vil gjerne være med å koma fram til noko som sikrar ei god framtid for kyrkja vår.



3. Karl Johan Kirkebø

65 år. Markedsdirektør. Bønes, Fana prosti.

Erfaring: Medlem og leiar i menighetsråd, Stiftelsen Bønes interimskirke, menighets-

blad, medlem fellesråd og medlem/leiar prostiråd. President i lokal Lions club.

Eg stiller til val fordi eg har eit brennande engasjement for kyrkja og for det den kan bety for kvar enkelt og for lokalsamfunnet. Eg er uroleg for utviklinga i kyrkja og er redd for at kyrkja er i ferd med å bli meir og meir konform, med blir lågare takhøgde og høgre tersklar. Viktig å ta tak i bl.a. finansiering no når kyrkja blir meir sjølvstyrt. Med min bakgrunn frå økonomi og strategi og mitt engasjement som kyrkjemedlem, trur eg at eg kan medverka.



4. Andreas Skeidsvoll

23 år. Student, Universitetet i Bergen. Osterøy, Åsane prosti.

Erfaring: Sokneråd. Eittåring i kyrkja. Student-KRIK, kor, ungdomsforeining og kyrkjelydsarbeid.

Eg stiller til val fordi eg ønskjer å bidra med tankar og idear om korleis kyrkja kan løysa dei store utfordringane den står overfor i tida framover. Eg ønskjer å være ei ung røst i bispedømerådet og på Kyrkjemøtet, og eg håper at mi erfaring frå fleire kristne ungdoms- og studentmiljø kan vera med på å gi eit nytt perspektiv på sakene som vert tatt opp i desse organa.



5. Berit Nøst Dale

63 år. Høgskolelektor NLA/ Lærerhøgskolen. Meland, Nordhordland prosti.

Erfaring: Medlem i Bjørgvin bispedømeråd, medlem og nestleiar i sokneråd.

Eg stiller til val fordi eg er blitt beden om det, kanskje fordi eg har erfaring frå bispedømeråd og kyrkjemøtet siste periode. Som lek kyrkjegjengar i eigen kyrkjelyd ser eg det som positivt at folk på grunnplanet er med og avgjer kvar kyrkja skal gå vidare i den nye situasjonen som kyrkjesamfunn heller enn statskyrkje.



6. Marius Økland

29 år. Adm. leiar, Normisjon reg. Sogn og Fjordane. Bremnes, Sunnhordland prosti.

Erfaring: Konfirmantlærer. Styre- og leiarverv i Indremisjonssamskipnaden og Normisjon. Søndagsskulelærer.

Eg stiller til val fordi eg er motivert til å jobbe for at kyrkja skal vere relevant i barn og unge sitt liv. Dette må vi halde varmt på alle nivå i kyrkja. I trua på Jesus er vi kalla til eit livslangt disippelskap – og kyrkja må møte barnefamiliane, ungdommane og dei unge vaksne sine behov for kristent fellesskap på ein måte som er relevant for dei.



7. Liv R. Ågotnes

48 år. TSP Group Manager and System Administrator. Fjell, Vesthordland prosti.

Erfaring: Leiar for personal- og serviceavd. ved Bjørgvin bispedømekontor. Kyrkjevevje, leiar kyrkjelydsutval, medlem sokneråd.

Eg stiller til val fordi eg er glad i kyrkja og voner eg kan gjere nytte for meg med min kompetanse innan personal, organisasjon breid erfaring innanfor ulike arbeidslag i kyrkja.



8. Ida Lindøe

48 år. Lektor, Kvam ungdomsskule. Ålvik, Hardanger og Voss prosti.

Erfaring: Leiar sokneråd og medlem fellesråd og trusoppplæringsutval. Medlem og leiar Emmaus (no Kyrkjeleg dialogsenter Bergen). Studentmenigheten i Bergen. Medlem kvinneutvalet i Bjørgvin.

Eg stiller til val fordi fordi eg håpar å kunna bidra med mi erfaring og kompetanse frå kyrkjeleg arbeid i meir enn 25 år. Bakgrunnen min som religionsvitar er også relevant. Eg har eit stort ønske om at så mange som mogeleg skal få oppleve Den norske kyrkja som ein god stad å komme til og få bu i. Låg terskel, inkludering i fokus. Være ein god arbeidsgjevar. Kyrkja må både klare å tilpasse seg slik kvardag og helg er for folk flest i dag, samstundes som den skal ta vare på tradisjonar både frå kyrkjelivet i Noreg og hente inspirasjon frå den verdensvide kyrkja gjennom historien.



9. Vemund Øiestad

67 år. Tannlege i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Norsida sokn, Nordfjord prosti.

Erfaring: Leiar sokneråd. Leiar fellesråd og prostiråd. Varamedlem Etisk råd i Den norske tannlegeforening.

bispedømeråd 2015 - 19

Eg stiller til val fordi eg er oppteken av utviklinga i kyrkja. Med bakgrunn både frå sokneråd og fellesråd i 18 år, har eg ein god del kunnskap og erfaring som vil vere viktig å ta med seg i dei utfordringar kyrkja står overfor dei næraste åra.



10. Per Hilleren

56 år. Bonde, Stedje, Sogn prosti.

Erfaring: Leiarverv regionale styre i landbruk og landbrukssamvirke. Styreleiar Lyngmo Ungdomssenter. Sokneråd og prostråd.

Eg stiller til val fordi eg ynskjer å vere med å bidra til å styrkje den norske kyrkja sin posisjon.



11. Inge Wilhelm Økland

27 år. Barne- og ungdomsarb. i Indremisjonsforb. Sandviken, Bergen domprosti.

Erfaring: Varamedlem ungdomsrådet i Bjørgvin. Konfirmantleiar.

Eg stiller til val fordi det er ei veldig spennande tid kyrkja er inne i no, og val gjort i neste periode kan få store konsekvensar for framtida til kyrkja. Eg trur det kan være positivt med nokon ungdomar i bispedømerådet.



12. Hildegunn Kalvenes

68 år. Pensjonert helsesøster. Austevoll, Fana prosti.

Erfaring: Leiar sokneråd. Helsesøster. Meddommar Heradsretten.

Eg stiller til val fordi eg ser på kyrkja som ei stor misjonsmark. Viktig at det er klar forkyning til omvendning og frelse. Ynskjer å vera med å fremje at kyrkja står på Guds ord.



13. Bjørn Sandvik Søltnæs

20 år. Student. Leikanger, Sogn prosti.

Erfaring: Verv i Fylkesstyremedlem i Senter-ungdomen Sogn og Fjordane, Leiar i Senter-

ungdomen Midtre Sogn, Leiar i Leikanger Bondelag, Leiar i Leikanger Mållag.

Eg stiller til val fordi eg er reflektert og engasjert. Eg er glad i og kjenner meg heime i kyrkja, og vil gjerne bruka engasjementet mitt på å forvalta henne vidare. Me lever i ei spennande tid og står føre store endringar. Eg er løysingsorientert og trur eg kan bidra positivt og konstruktivt i dei prosessane som kjem.



14. Kjellfrid Torunn Mæland

64 år. Førsteamanuensis i pedagogikk ved HSH. Stord, Sunnhordland prosti.

Erfaring: Medlem i sokneråd og kyrkjeakademi.

Eg stiller til val fordi eg har fått eit konkret spørsmål frå den lokale kyrkjelyden. Eg ser det meningsfylt og spennande å delta i kyrkjeleg utviklingsarbeid i ei tid med store endringar, og der både nasjonale og internasjonale perspektiv høyrer med.



15. Gunn Ragnhild Vårdal Helgesen

59 år. Sjølvstendig næringsdrivande. Selje, Nordfjord prosti.

Erfaring: Ordførar, Varaordførar, Leiar i Nordfjordrådet, Leiar i hovudutval for skule og barnehage i Selje.

Eg stiller til val fordi eg er spurt om å stille som kandidat, og eg har eit ynskje om å delta.



16. Kjell Jarle Aadland

66 år. Rådgiver. Os, Fana prosti.

Erfaring: Os Y's men klubb president, Y's men Region Norge kasserer.

Eg stiller til val fordi eg vil vera ein representant for mangfaldet.



17. Jostein Bildøy

49 år. Dagleg leiar. Førde, Sunnfjord prosti.

Erfaring: Mentor/teneste i trusopplæring, foredragshaldar. Fylkessekretær KrF.

Søndagsskulekonsulent. Styremedlem European Lutheran Sunday School Association.

Eg stiller til val fordi eg vil vere ein medspelar i arbeidet med å styrke og vidareutvikle trusopplæring for barn, familie og kyrkjelyd. Eg vil arbeide for Den norske kyrkja som ein proaktiv og dynamisk kyrkjeleg organisasjon som lokalt og nasjonalt motiverer som konkret trussamfunn og folkekyrkje. Eg vil vere ein medspelar i arbeidet med dialog mellom trus- og livssynsamfunn for kjennskap, tryggleik og respekt.



Supplerande kandidat: Egil Morland

65 år. Førsteamanuensis. Fjell, Vesthordland prosti.

Erfaring: Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkerådet, Fagleg-etisk utval i Menneskeverd. Varaordførar.

Eg stiller til val fordi dei siste åra og dei komande er svært viktige for kyrkja si framtid, både når det gjeld ordningar og profil. Det vil ikkje vera rett å «hoppa av» no, med den erfaringa eg har frå desse prosessane. Eg har no hatt 1½ periode i Bispedømerådet, og er for tida også vald medlem av Kyrkerådet.



Supplerande kandidat: Marte Seip

69 år. Pensjonert lækjar. Eidfjord sokn, Hardanger og Voss prosti.

Erfaring: Kirkens Nødhjelp i Sør-Sudan og Pakistan. Sokneråd og fellesråd. Speidarleiar. Medlem av diakoniutvalet i Bjørgvin.

Eg stiller til val fordi kyrkja ligg meg på hjarta. Vi er no inne i ein viktig organisasjonsoppbyggingsfase. Eg er oppteken av at strukturar på alle plan må tene det lokale arbeidet. Spesielt meiner eg at eg kan representere små kommunar og prosti med mange sokn og kommunar.

Supplerande kandidatar kom inn etter nominasjonen med minst 75 underskrivarar kvar bak seg.

Alder på kandidatane er alder ved utgangen av 2015.

Les meir om
kandidatane på
kyrkja.no/bjorgvin



Bli betre kjent med kandidatane

Les meir om kandidatane på nettet: kyrkja.no/bjorgvin, eller i brosjyre du får på ditt lokale kyrkjekontor.

Der kan du lesa kandidatane sine svar på desse spørsmåla:

1 | Eg stiller til val til bispedømerådet og Kyrkjemøtet fordi:

2

Den norske kyrkja sitt visjonsdokument (2015-2019) presenterer den evangelisk-lutherske folkekyrkja som:

- Vedkjennande
- Open
- Tenande
- Misjonerande

Korleis vil du arbeida for å verkeleggjera dette?

3

Kva meiner du om vigsel av likekjønna par i Den norske kyrkja?

4

Tilhøvet mellom staten og kyrkja er i endring. Kva framtidsutsikter ser du for rekruttering, organisering og arbeidsgjevaransvar i kyrkja?

5

Korleis vil du leggja til rette for at kyrkja kan halda saman trass i saker med stor usemje?

Kyrkjevalet 2015 - kort sagt

- 13. – 14. september er det kyrkjeval i tillegg til kommune- og fylkestingsval. Dei fleste stader er valet berre den 14. september
- Alle medlemmer av Den norske kyrkja har røysterett frå det året dei fyller 15.
- Førehandsrøysting frå 10. august.
- Kandidatane blir valde for fire år.
- I august vil alle med røysterett få eit valkort i posten med informasjon om kvar og når dei kan røysta.
- Medlemene av bispedømerådet er også medlemmer av Kyrkjemøtet, Den norske kyrkja sitt «Storting». Kyrkjemøtet har ei veldig viktig rolle i å styra kyrkja no som den er i ferd med å bli sjølvstendig i høve til staten.
- Di røyst i det direkte valet er med på bestemma dei fire første kandidatane som skal inn i bispedømerådet. Resten av dei sju leke representantane blir valde av sokneråda seinare.
- I tillegg vel prestane ein kandidat og andre kyrkjeleg tilsette ein kandidat. Begge desse gruppene har egne kandidatlistar. Biskopen er fast medlem av bispedømerådet, som har 10 medlemmer.

Du kan påverka

Nominasjonskomiteen sine kandidatar er sette opp på vallista i prioritert rekkjefølgje. Eventuelle kandidatar frå supplerande nominasjon står nedst på lista utan nummer. Rekkjefølgja har berre noko å seie dersom to kandidatar får likt tal røyster. Kvart kryss du set framfor ein kandidat, kan difor ha mykje å seia.

Slik går du fram når du skal velja kandidatar

A | Du kan levere røystesetelen utan endringar.
- Alle kandidatane på røystesetelen får då ei røyst kvar.

B

Vil du endre på røystesetelen, kan du gje inntil tre kandidatar ei tilleggsrøyst ved å setje eit kryss i ruta til venstre for namnet til kandidaten.

- Kandidaten får då to røyster.
- Andre kandidatar får ei røyst kvar.
- Andre endringar vil ikkje telje med.
- Det er ikkje høve til å stryka kandidatar.

Val av leke medlemmer til bispedømeråd og Kyrkjemøtet - EKSEMPEL (13.-14. september 2015)

Kyrkjevalet 2015

Nominasjonskomiteen

1. ☐ OL

2. ☒ OL

3. ☐ K

4. ☐ K

5. ☐ K

6. ☐ K

7. ☐ K

8. ☐ K

9. ☐ K

10. ☐ K

11. ☐ K

12. ☐ K

13. ☐ K

14. ☐ K

15. ☐ K

16. ☐ K

17. ☐ K

18. ☐ K

19. ☐ K

Supplerende kandidatar

☐ FJERN PEDERSEN, 25 år, ORKSEN 22F, STRAND, sportsløst

Dit skal velges 7 representantar til bispedømerådet og Kyrkjemøtet

Har du endringar på nominasjonskomiteens si kandidatliste, kan du gje eit kryss i ruta til venstre for namnet til kandidaten. Eventuelle kandidatar frå supplerande nominasjon står utan nummer.

Du kan levere røystesetelen utan endringar.

Kandidatane om likekjønna ekteskap:

1. Inger Helene Thingvold Nordeide

Støttar ikkje vigsel av likekjønna par i kyrkja. Vi må øva oss i toleranse der vi har avvikande syn.

2. Nora Sætre Baartvedt

Er for at likekjønna par skal få gifta seg i kyrkja. Må stå saman sjølv om vi er ueinige.

3. Karl Johan Kirkebø

Støttar biskopane sitt syn om å innføre vigsel av likekjønna par i kyrkja. Mangfald er viktig.

4. Andreas Skeidvold

Er imot kyrkjeleg vigsel av likekjønna par. Leggja vekt å saker som samlar oss framfor det som splittar.

5. Berit Nøst Dale

Seier nei til liturgi for vigsel av likekjønna par i kyrkja. Meiner at stor usemje vil gi splitting av kyrkja.

6. Marius Økland

Kyrkja skal ikkje vigsla likekjønna par. Oppteken av bibelen sitt syn. Men og av høg takhøgd i kyrkja.

7. Liv R. Ågotnes

Er for vigsel av likekjønna par i kyrkja, men prestane må kunne reservera seg.

8. Ida Lindøe

Er for vigsel av likekjønna par. Men det er også rett å ha motsett syn. Må kunne inngå kompromiss og vereause.

9. Vemund Atle Øiestad

Støttar vigsel av likekjønna par. Alle tillitsvalde må uavhengig av syn respektere kvarandre og skapa eit godt samarbeidsklima.

10. Per Hilleren

Meiner det er i strid med bibelen si lære å vigsla likekjønna par. Ha ein ærleg og konstruktiv dialog for å finne løysingar som kan sameina.

11. Inge Wilhelm Økland

Er imot at kyrkja skal via likekjønna. Viktigare å finne sanninga enn å halda saman for ein kvar pris.

12. Hildegunn Kalvenes

Kan ikkje gå inn for vigsling mellom likekjønna par. Må lytte til kvarandre og vise respekt for ulike standpunkt.

13. Bjørn Sandvik Søltnæs

Må inkludere og respektere homofile. Men vi kan ikkje endre ekteskapsforståinga. Viktig å arbeide for at

usemje ikkje fører til splitting.

14. Kjellfrid Torunn Mæland

Ønskjer borgarleg vigsel for alle, og tilbod om kyrkjeleg forbøn også for likekjønna par.

15. Gunn Ragnhild Vårdal Helgesen

Har ikkje synspunkt på vigsel av likekjønna par. Vil leggje vekt på dei store viktige sakene som dei fleste er samde om. Ha respekt for kvarandre.

16. Kjell Jarle Aadland

Har ikkje klar meining om vigsel av likekjønna par i kyrkja. Legg vi vekt på det vi er samde om, ser vi at det er lite vi ikkje kan semjast om.

17. Jostein Bildøy

Meiner at ekteskapet er mellom mann og kvinne. Samtalen er viktig for å kjenne andre sine synspunkt, samstundes som ein tek vare på respekten for andre sin ståstad.

Kyrkjevalet
2015

DEN NORSKE KYRKJA

Skapar framtidas kyrkje

13. og 14. september



Kvifor skal du røyste ved kyrkjevalet 13. og 14. september?

Fordi dei som røyster er med på å avgjere kva for standpunkt kyrkja skal ta i ulike saker.

Som medlem i Den norske kyrkja kan du ha innverknad på kva slag kyrkje vi skal ha i framtida. Alle medlemmer av Den norske kyrkja har røysterett i kyrkjevalet frå det året dei fyller 15.

Di røyst skapar framtidas kyrkje! www.kyrkjevalet.no



– Det må vera den beste jobben ein kan ha

– Eg skal arbeida som kyrkjetenar og reinhaldar i Leikanger og Norum kyrkjer. Eg elsker Gud og trur på Jesus Kristus. Og no kan eg ha det som jobb å gå på gudstenester. Den må vera den beste jobben ein kan ha.

Det seier Cristina Sandor (33). Ho byrja som kyrkjetenar/reinhaldar 4. august. Ho og mannen hennar, Daniel, kom til Norge frå Romania i september 2011. Han har ein stor familie – dei er femten (!) i syskenflokk. Nokre bur i Norge. Han hadde fått eit års arbeidskontrakt då dei flytte hit.

– Me hadde tenkt å vera her berre eitt år. I starten var det tungt. Eg tykte det var kaldt og mykje regn. Eg kunne ikkje norsk og var heime med eldstemann som no er fem år. Me vart verande og det har gått betre etterkvart.

I dag er det mykje lettare. Emanuel har fått ei veslesyster, Catalina, som no er tre år. Cristina har fått ein del yrkeserfering på kafé Krydder i Sogndal.

– Det er eit problem at som utlending får du ikkje jobb fordi du ikkje kan norsk. Og du kan ikkje norsk fordi du ikkje har jobb der du møter folk og får praktisere språket.

– Korleis har møtet med Norge og nordmenn vore?

– Du veit me er latino, opne og sosiale.

Nordmenn kan vera

litt reserverte, særleg i møte med utlendingar. Men gjennom jobben på kafé Krydder har eg møtt utruleg mange hyggelege folk. Det er så kjekt når folk opnar seg og me vert litt kjende. Då forsvinn fordommane.

– Kva er dei største ulikskapane mellom Norge og Romania?

– Viss du tenkjer på det kyrkjelege, så høyrer dei fleste til den ortodokse kyrkja, ein del til den romersk-katolske og

nokre få til protestantiske kyrkjesamfunn. Sjølv er eg protestant. Gudstenestene våre kan vara i fleire timar, preikene er lange og det er lite liturgi. Alle har med seg sin eigen Bibel til gudsteneste.

– Kva tenkjer du om å byrja som kyrkjetenar og reinhaldar i Leikanger?

– Eg gler meg veldig og er så glad for at eg har funne denne jobben og ser fram til å møta menneska som bur her.

– Eg har eit bibelvers eg er glad i. Vil du høyra det?

– Ja, gjerne!

– Det er frå Jesaja 43,2 og 4:

*Går du gjennom vatn,
er eg med deg,
gjennom elvar,
skal dei ikkje fløyma over
deg.*

*Går du gjennom eld,
skal elden ikkje svi deg.*

*Fordi du er dyrebar i mine auge,
høgt akta og eg elsker deg*



– Det var kjærleiken som drog meg til Sogn



– Nokon stussar sikkert på kvifor ein ung kantor søker ei halv stilling som organist i Indre Sogn. Eg legg ikkje skjul på at det var kjærleiken som drog meg hit.

Hallgeir Øgaard heiter han, den 30-årige , nytilsette kantoren i Leikanger. Han smiler når han fortel om kjærasten og no sambuaren, Hanne. Han legg til at det nyrestaurerte orgelet i Stedje kyrkje også medverkar til flyttinga frå heil stilling som kantor i Arna.

– Det vert fint å kunna ha det som øvingsinstrument, kanskje gi konsertar og vikariera på orgelkrakken.

Hallgeir er fødd og oppvaksen i Alversund, nord for Bergen, med tre eldre systre og ei yngre.

– Eg er oppvaksen med musikk på alle kantar. To av onklane mine var organistar og mamma og pappa syng i Alversund kammarkor. Eit syskenbarn som var organist i USA vart nok eit forbilde. Eg såg opp til han.

Musikkutdanninga si har Hallgeir frå Griegakademiet i Bergen. Han har jobba som kyrkjemusikar i tre år i Vardenes i Stavanger, eit halvt år i Salhus og dei siste tre åra i Arna.

– Kva er forskjellen på organist og kantor?

– Ein kantor har meir utdanning. Men utøvinga av yrket er det same. Eigentleg betyr kantor forsongar. Kantoren skal leia songen.

– Kva er dine musikalske favorittar?

– Eg er glad i anglikansk kyrkjemusikk og klassisk musikk, men har også sans for god jazz. Ein song som har betydd

mykje for oss i familien er ”I dine hender, Fader blid”.

Den har me sunge fleirstemt i ulike samankomstar. I februar døydde onkelen min i ei ulukke. Det var ei sterk oppleving for den fullsette kyrkja då tanta mi bad alle reisa seg til slutt og me song denne salmen. Eit slikt kor har eg aldri høyrte maken til. Me var fleire som ikkje greidde få fram ein tone. Tårene berre pressa på.

– Kva tenkjer du om å verta kyrkjemusikar i Leikanger?

– Det vert veldig spennande og eg gler meg! Eg forstår her er mykje å spela på, både mannskor, damekor og eit aktivt musikklag.

– Har du noko du brenn for?

– Eg har alltid ivra for det kulturelle og har veldig lyst at det skal vera konsertar i kyrkja. Eg meiner konsertane er like viktiger som gudstenestene. Folk flest veit for eksempel ikkje om all den flotte orgelmusikken som finst. Kanskje orgelkonsertar kan vera noko å prøva?

Hallgeir hadde si fyrste gudsteneste i Leikanger 24. august.

Me ynskjer han hjarteleg velkomen!

Konfirmantane om konfirmantåret

Eg synes konfirmantåret har vore minnerikt, koseleg og eg har opplevd masse eg aldri kjem til å gløyma. Eg har opplevd at det vart mykje betre enn eg venta. Konfirmantåret har vore annleis enn andre år.

Eg har hatt ein fantastisk år og har samla mange minner som eg kjem til å hugsa og minna tilbake til når eg blir eldre.

TRUR DU NOKO AV DET ME HAR VORE SAMAN OM VIL FÅ VERDI FOR DEG VIDARE I LIVET?

Eg vil alltid bære med meg desse minna. RLE-prøvane på skulen går nok bedre :-)

Litt. Eg har fått større forståing om Gud og Jesus

Ja, no høyrer eg jo på ein måte meir til i kristendommen og det var ei spesiell oppleving som eg ikkje gløyme så lett

Ja, det trur eg absolutt. Eg kjem til å ha med meg verdien av dei forskjellige perlene.

Fasteaksjonen – eg veit litt meir om den og vil nok derfor gi pengar.

Nja, litt. Eg har lært at du kan berre snakka med Gud når du har det travelt og du kan sei alt til han utan noko kommentarar.

Ja, alt eg har lært om Gud og Jesus trur eg kjem til å ha verdi for meg når eg blir eldre. Sjølv om det ikkje har så stor verdi for meg no, så trur eg det endrar seg.

Eg er litt usikker. Men eg har fått eit anna syn på kristendommen og Gud. Eg har ein plass eg kan føla meg heime.

Nei, dette har ikkje verka på meg so mykje

Ja kanskje. Veit ikkje korleis.



KVA ER BRA MED JESUS?

Han tilgjev alle for det gale dei har gjort og forsømt

Jesus ser folk slik dei er, og tar hensyn til alle, uansett utsjånad. Han brydde seg om alle og ville ingen ilt.

Han har alltid tid å høyra på deg. Er alltid med oss, bryr seg og lyttar når eg har noko å seie.

Eg føler Jesus leier oss på rett veg

HAR DU SPESIELLE MINNE ?

Den turen me hadde til Alværa var ekstremt kjekk. Kjekt minne. Det var sol og fint vær. Mange spennande og nye aktivitetar og me koste oss sammen.

Både leik og moro, knytt til mykje lærerikt.

Noko av det eg kjem til å ha med meg resten av livet og den fellessamlinga i kyrkja i Sogndal i byrjinga av året.

Alt er bra med Jesus. Han støttar alltid opp og er ein person ein kan sei alt til. Eg føler Jesus leier oss på rett veg.

KVA ER DET VIKTIGASTE DU HAR FÅTT MED DEG FRÅ KONFIRMANTÅRET?

10 boda

Sorg og glede. Då me måtte tenkja kva sorg og glede er for oss.

Kristuskransen, Jesus tilgir, Gud, lært om dåp og om nattverd.

Eg har lært masse om Jesus og læresveinane hans. At alle får lov å gå i kyrkja, sjølv om dei ikkje trur på Gud eller er døypte.

Då me hadde om "eg-perla" fordi det var noko med at me skulle ikkje gløyme kven me var og me skulle alltid vera oss sjølve.

Bønn. Korleis det var og kva som kunne skje.

KVA BETYR DET FOR DEG AT DU ER DØYPT?

For meg er det viktig å hugsa at eg vart døypt – og hugsa kvar eg kjem frå. At eg høyrer heime i kristendommen.

At eg tilhøyrer kyrkja og har alltid ein stad å reise. Det er veldig viktig for meg at eg er døypt.



At eg har ein plass eg kan vera velkommen uansett.

Det betyr jo mykje for meg. Fordi det viser at eg er kristen og er medlem av kyrkja

Det betyr at eg er med i kristendommen og at eg alltid har nokon å snakke med. Eg har ein andre heim.

Eg veit at eg tilhøyrer eit stort fellesskap.

KVA TYKKJER DU OM KRISTUSKRANSEN?

Den kjem alltid til å vera med meg. Det er ikkje sikkert at eg alltid brukar den, men alle verdiane Kristuskransen har vil alltid vera viktig for meg.

Kjekk å ha. Han får deg til å tenkja litt ekstra på forskjellige tema du kanskje ikkje hadde tenkt på viss du ikkje hadde hatt den.

Kristuskransen er bra fordi det er mange perler i den som er viktig og nyttige å bruka i kvardagen.

Veldig grei å ha og den kan hjelpe i vonde tider. Den kan og minne meg om konfirmanntida og Gud. Eg er veldig glad for at den har alle dei perlene den har.

Kristuskransen er veldig fin. Og det er masse nyttig i den. Du lærer deg å kjenne kristendommen.



Eg-perla, at alle er verdt like mykje

Det viktigaste eg har fått med meg frå året er det me hadde om bønn og at ein kan be når som helst og kvar som helst.

Det er nok kjærleikspërla: Uansett kven det er så støttar det ekstra med ein positiv kommentar.



HAR DU NOKO TIPS TIL PRESTEN SIN TALE PÅ KONFIRMASJONSDAGEN?

Nei – eller jo: Du må ta det roleg, bruka god tid, snakka høgt og tydeleg, innlevelse

IKKJE FOR LANG

Kanskje du kan snakke om stress og at det er viktig å slappe av og til. Og viss du kan unngå å sei ting som: "Ja, no på konfirmasjonsdagen er det de trer inn i dei voksnes rekkjer".

Nei. Eg synes han er grei so han er og talane hans er fine :-)

Bruk humoren din inn i talen :-)

Du kan sei at eg ikkje har vore så interessert og engasjert og at eg heller vil springa fritt i naturen :-)

Bruk pengane fornuftig!



STOR MUSIKK I SMÅ BYGDER VED STOR FJORD

Då eg var på Leikanger i påskeferien, oppdaga eg at Mari Askvik med fleire skulle framføra Stabat Mater av Pergolesi i kyrkja. Eg har høyrte Mari syngja ved fleire høve, og det har vore både spennande og gledeleg å fylgja med på den store vokale og sceniske utviklinga hennar dei siste åra.

Resten av ensemblet var ukjende for meg, men sopranen Margrethe Fredheim, fiolinistane Mari Birgitte Bølgen Halvorsen og Ragnhild Kyvik Bauge, bratsjisten Einar Kyvik Bauge og cellisten Sverre Kyvik Bauge viste seg å høyra heime i same musikalske liga som Mari.

I tillegg til hovudverket, gav strykarane ei eminent framføring av Arvo Pärts gjennomsluktige "Fratres", og konserten vart ei stor oppleving for meg (og sikkert for alle andre som var til stades).

Då eg såg plakaten til FJØR ensemble og skjønte at det klaffa med sommarkonsert i juli også, må eg innrømme at eg seriøst vurderte å få med meg alle. Både Underdal, Flåm, Solvorn og Leikanger. Forventningane var ikkje akkurat låge, for å sei det slik. Men faren for å framstå som groupie eller stalker gjorde at eg avgrensa det til dei to siste, - pluss bonusprogram på Leikanger alders- og sjukeheim.

Programmet, som varde ein god time, var variert og godt samansett. Det spende frå lågmælte religiøse folketonar til sprudlande operetteduettar, og baud såleis på noko for einkvar smak.

Grieg var representert med 8 innslag. Strykarane

spelte tre satsar frå den velskrevne og tilgjengelege Holbergsuiten, og hans "greatest hits"; "Solveigs sang", "Ved Rondane" og "Våren" skapte særdeles god kontakt mellom utøvarar og publikum.

Dette var med på å gi rom for dei meir ukjende og ettertenksame steva som Johan Kvandal har skrive ned i sitt opus 40. "Å med soli" og "Å her møter mangt" (som eg aldri hadde høyrte før) blei mine nye favorittar, i tillegg til den vedunderlege "Blomsterduetten" frå Lakmé av Leo Délibes (som eg håpa VELDIG skulle koma – og takk for det!)

Det teknisk utfordrande stykket "Passacaglia" (Halvorsen/Händel), duett mellom fiolin (Mari Birgitte Bølgen Halvorsen) og bratsj (Einar Kyvik Bauge), hausta stort bifall for den forrykande framføringa både i Solvorn og på Leikanger.

Galleri Walaker 300 er eit intimt og personleg lokale. Her var det trakkande fullt, og stemninga sto i taket frå første til siste nummer. Både hotellgjester og lokalbefolkning vart begeistra og bergtekne, noko den langvarige og ståande applausen gav uttrykk for. Dette resulterte i "Barcarolle" frå Hoffmans eventyr av Offenbach – og endå meir ståande applaus! :)

Leikanger kyrkje er eit fantastisk konsertlokale. Det kjennast som ei stor gåve å få nyta ein konsert her med utøvarar av dette formatet. Både Mari Askvik og Margrethe Fredheim har musikalsk og scenisk formidlingsevne på høgt internasjonalt nivå, og strykarane framstår som både solide solistar og veldig gode akkompagnatørar. Det skal ikkje forundra meg om alle desse dukkar opp på større scenar om ikkje lenge. Då skal eg jammen vera der òg! :)

Til slutt vil eg nytta høvet til å takka for at FJOR ensemble spelte på Leikanger sjukeheim både i påsken og i juli. Det betyr mykje for mange.

Tekst: Hilde Njøs
Foto: Egon Askvik



Over: Mari Birgitte Bølggen Halvorsen, Sverre Kyvik Bauge, Mari Askvik, Margrethe Fredheim, Einar Kyvik Bauge og Ragnhild Kyvik Bauge



Over: Frå konserten på Walaker hotel i Solvorn



Leikangerkonfirmantane 2015



Foto: Egon Askvik

Gjertrud L. Jynge med teaterstykke om Jakob Walnum

“Frå landevegen



Foto: Dag Jenssen.

Søndag 8. november, om kvelden, kan vi etter alle solemerke sesse oss i kyrkja og sjå teaterstykket “Frå landevegen”, som går på Det Norske Teater denne hausten. Det er soknerådet og fylkesarkivet i Sogn og Fjordane som arrangerer denne framsyninga.

Gjennom tekst, song og bilete vil skodespelar og manusforfattar Gjertrud L. Jynge gje oss ein annleis historietime der den kjende tippoldefaren hennar, Jakob Walnum, hans tankar og gjerningar står i sentrum. Han var farmora sin stoltheit, barnebarnet som vart riddar av 1. klasse av St. Olavs orden med gravmonument på Vår Frelzers Gravlund. Han var humanisten og velgjeraren som ville hjelpe folk i naud. Då Jynge byrja å grave litt i tippoldefaren sitt liv, steig det eit anna bilete fram.

Walnum var sokneprest i Leikanger frå 1885 til 1896 og i Leikanger kjenner vi han som den glødande kristenidealisten med tusen jarn i elden og etablerar av Sogns Barneheim i 1891. Det han likevel er mest kjend og honorert for, er arbeidet med «Omstreifarmisjonen», der målet var å busetje taterfolk og gjere dei til gode kristne samfunnsborgarar, heilt i tråd med dåtidas sosialpolitikk. Det vart oppretta både barneheimar og arbeidskoloniar

for å nå målet, og midlane var ikkje berre prega av nestekjærleik. Både tvang og overgrep vart dekkja over gjennom lovverk og statleg støtte. Lobotomering, tvangssterilisering og andre overgrep auka i omfang i fleire tiår etter at Walnum slutta.

Jynge fortel om ein tippoldefar som ville det gode, men der resultatet vart så galt. Ho stiller også spørsmål ved dagens sosialpolitikk. Er den plettfri? Vil den tole historias dom?

Tekst: Kjerstin Risnes (Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane)



Jakob Walnum

Oppslagstavla!

HEI DU FYLLER FIRE ÅR I ÅR

Sundag 27. september kl. 16 (merk tida) skal 4-åringane få bok. Det kjem invitasjon i posten, men set av dagen allereie no. Dagen før vert det barnetime i kyrkja.



MIDDAGSSERVERING

Tysdag 8. september mellom kl. 16 og 18 vert det middagsservering i Kyrkjelydshuset. Tilbodet er tenkt å avlasta dei som har ein travel kvardag, men er ope for alle. Ein kopp kaffi, og høve til å gjere lekser eller lese fylgjer med. Det er Ingeborg Ugulsvik med gode medhjelparar som startar opp dette tiltaket. Me forsøker med annakvar tysdag framover. Kr. 50 per pers.

Leikanger sokneråd

TAKK TIL JO

Jo Vikøren tok kontakt og tilbød seg å ordna ei laus helle på kyrkjetrappa. Han skal ha takk for det.

STORVØLA PÅ KYRKJA

Det er no godt i gong med ei storvøla på Leikanger kyrkje. Alle hellene skal takast av, og det skal inspiseras og isoleras. Kyrkja skal også kalkast. Me er glade for at det endeleg vert gjort.



VAKKER KYRKJEGARD

Det er alltid kjekt å sjå kyrkjegarden nyslått og velstelt. Takk til teknisk etat som skjøttar denne oppgåva så vel. Med nymåla gjerde og etterkvart nykalka kyrkje, er kyrkjegarden som eit velstelt parkanlegg.



TYS DAGSTREFFET

startar opp att tysdag 8. september i kjent stil: Me startar med trim i Kyrkjelydshuset kl. 1130. Den nye organisten vert med oss og spelar i programmet kl. 12. Soknepresten har andakt og det vert programinnslag.



NYE KONFIRMANTAR

Heile 38 konfirmantar og foreldre fylte kyrkja til informasjonsmøte i kyrkja. Ein fin flokk me gler oss til å verta betre kjend med.



ORDINASJON OG VIGSLING

Laurdag 20. juni vart Kjell Olav Haustaker Nordheim ordinert til sokneprest, Andreas Danbolt til ungdomsprest/studentprest og Gitte Torstad vigsla til diakon. Det var biskop Halvor Nordhaug som ordinerte/vigsla. Konfirmantane vil møta alle tre på leir og andre fellesarrangement.

Gje ei gåve til kyrkjelyden din

Gje ei gåve til kyrkjelydsarbeidet. Bruk vedlagte giroblankett eller set direkte inn på kontonr: 3705.17.74427

Soknerådet har dette året starta fleire nye prosjekt: Salmar & kaffi, julaftaspele, og bokutgjeving. Ein stor kostnad har vore innkjøp av 30 nye konfirmantkapper.

Takk til alle faste støttespelarar og takk for alle som nyttar blanketten.

Glede og sorg

Vigsel

23.05.2015 Ida Elisabeth Jørstad Røysum og Erlend Loftesnes Røysum
08.08.2015 Tone Lemvik og Rune Røysum

Velsigning av borgarleg inngått ekteskap

13.06.2015 Julia Johannessen og Jarle Molvik (Sogn frimenighet)
27.06.2015 Ramune Solbakken og Rune Solbakken

Dåp

05.04.2015 Olav Andreas Njøs
12.04.2015 Liam Havnen Borlaug
25.05.2015 Magne Kalstad Sortevik
Døyppt i Guddal kyrkje
31.05.2015 Ida Elea Njøs Sørлие
21.06.2015 Jaran Villand Alme
02.08.2015 Magdele Bøyum Njaastad

Gravlagt

23.04.2015 Sigvor Røysum
24.04.2015 Hallvard Grinde
13.05.2015 Svein Olav Sivertsen
03.06.2015 Synneva Melås
26.06.2015 Bjarne Hagen
31.07.2015 Tor Ivar Flatabø
07.08.2015 Solbjørg Høyvik Bergum



Tone Lemvik og Rune Røysum (foto: Egon Askvik)

Sjå her alle nybakte foreldre i Leikanger!

Me vil ynskje den vesle- og dykk som foreldre velkomne til babysong i Kyrkjelydshuset torsdag 17. september! Datoane utover hausten kjem på facebookside vår: Babysong Leikanger. Babysong er for alle foreldre med born i alderen 0-12 månadar. Musikk skapar undring og glede hjå barnet heilt frå det er nyfødd. Barn reagerer på lyd med heile kroppen, og foreldre og barn får spesielt god kontakt ved å syngje og spele saman. Samlingane startar med ei musikkstund leia av trusopplærar Monica Ugulsvik saman med kantor Hallgeir Øgaard. Denne varer i om lag 30 minuttar, og etterpå nyt me ein god lunsj ilag!

Har de spørsmål? Ta kontakt med Monica Ugulsvik på tlf. 906 17 319 eller epost monica@sogndal.kyrkja.no

Støtt våre annonsører -
dei støttar oss!

 **LEIKANGER Fjord Hotel**
Tlf: 57 65 60 20

 **Leikanger Auto**
Leikanger auto
Telefon 576 53 100

post@leikangerauto.no
www.leikangerauto.no

Aarskog
bakeri og konditori AS

Telefon 576 53 422

**SOGNEFJORD
HOTEL** 

Tlf: 57 65 11 00


Sogn 
gravferdshjelp
Telefon: 57 68 14 // (neue døgnnet)
E-post post@sogngravferdshjelp.no

Kjell Grønli
Hans Magne Kvåle
Hege Urnes
Ingar Husum
Helge Torstad
Svein Nybø

 **sparebanken**
sogn og fjordane

Tlf: 57 82 97 00
www.ssf.no




Sogn Kontorsenter
Leikanger - Årdal
57 67 66 99
www.sognkontorsenter.no

KIWI mini
pris

TIPPING - RIKSTOTO
08-22 (20)

**coop
prix**

KYRKJEKALENDAR HAUSTEN 2015

SEPTEMBER

Sundag 30. august 14.s. i treeringstida (Vingardsundag)

Kl. 12 Jamneflaten, Slinde. Friluftsgudsteneste saman med Norum kyrkjelyd.

Sundag 6. september 15.s. i treeringstida

Kl. 16 (merk tida) Gudsteneste med presentasjon av konfirmantane (gruppe 1) Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Sundag 13. september 16.s. i treeringstida

Kl. 11 Gudsteneste med presentasjon av konfirmantane (gruppe 2) Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Sundag 27. september

Kl. 16 (merk tida) Gudsteneste Utdeling av Mi kyrkjebok til 4-åringane. Takkoffer til Redd barna

OKTOBER

Sundag 4. oktober

Kl. 19 (merk tida) Salmar & kaffi i samband med lanseringa av boka "Kyrkjefolk" . Me syng saman frå kl. 1830. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Sundag 18. oktober 21.s. i treeringstida

Kl. 11 Gudsteneste. Takkoffer til Kirkens ressurscenter.

NOVEMBER

Sundag 1. november Helgemesse

Kl. 19 (merk tida) Songen om håpet. Helgemesse i Leikanger kyrkje. Takkoffer til Kirkens SOS i Bjørgvin.

Sundag 15. november 25.s. i treeringstida

Kl. 11 Gudsteneste for små og store.- 5-åringane innbedne. Takkoffer til speidararbeidet i Leikanger.

Sundag 29. november Fyrste sundag i advent

Kl. 11 Adventgudsteneste. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

DESEMBER

Sundag 6. desember Andre sundag i advent

Kl. 16 (merk tida) Lysmesse. Konfirmantane (gruppe 1). Takkoffer til Kirkens bymisjon, Bergen
Kl. 20 (merk tida) Lysmesse. Konfirmantane (gruppe 2) Takkoffer til Kirkens bymisjon, Bergen

Sundag 13. desember. Tredje sundag i advent

Kl. 18 Julekonsert. Kollke til kyrkjelydsarbeidet.



Skald
forlag

Bokslepp
1. oktober
Saften,
Leikanger

Ny bok!

Kr 349,-



Boka Kyrkjefolk www.kyrkjefolk.no www.skald.no